Vnr. Y	Mindre vesentleg søknad om dispensasjon som krev enkel vurdering – administrative handsaming	Per forhold	Kr 8 333

|

§ 3.11 Andre vurderingar

Andre vurderingar		Utrekningseining	Uendra gebyr
Vnr. Y	Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per fråvik	Kr 3 750
Vnr. Y	Godkjenning av sjølvbyggeransvar, SAK § 6-8	Per søknad	Kr 2 188

§ 3.12 Revidert søknad og teikningar

Med revidert søknad meinast endringar det søkjast om etter at rammeløyve eller eitt-trinns løyve er gitt, og før bygget eller tiltaket har fått ferdigattest. **Det vert ikkje nytt grunngebyr etter pkt.3.2 for endringssøknad.**

Endring av tiltak		Utrekningseining	Uendra gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktig endring av tiltak	Per endring	Kr 6 679

§ 3.13 Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Utrekningseining	Uendra gebyr
Vnr. Y	Sak som avsluttast/returnerast pga. vesentlege manglar*	Per sak	Kr 4 896
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunngebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt av søkjar/tiltakshavar eller avslutta av kommunen etter at kommunen har satt i gang sakshandsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saks-handsamings-gebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

*Søknaden er for mangelfull til at kommunen kan handsama den.

§ 3.14 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningslova som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitelet, fakturerast etter medgått tid. Timeprisen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Grunngebyr kjem i tillegg. I spesielle saker/atypiske saker kan kommunen på forhånd bestemma at saka vert fakturert etter medgått tid.

Timepris		Utrekningseining	Uendra gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid i byggje- og delesaker	Per time	Kr 1 250

Kapittel 4 - eigarseksjonering

Kapitelet handlar om gebyr for seksjoneringssaker etter eigarseksjonslova. Gebyrets storleik er det same for seksjoneringssløyve som for avslag. Kommunen krev i tillegg

dekking av naudsynte tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift. Innbetaling av gebyr kan krevjast før matrikkelføring og tinglysing vert gjennomført.

Ved søknad om løyve til å seksjonera ein eigedom etter eigarseksjonslova skal det reknast gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Ved uteareal som tilleggsdel til eigarseksjon kjem og gebyr for oppmålingsforretning i tillegg, sjå kapittel 5.

§ 4.1 Grunnggebyr

Kommunen fakturerer grunnggebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunnggebyret skal dekkja dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottakskontroll, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunnggebyr		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Grunnggebyr	Per søknad	Kr 3 564	Kr 3 689

§ 4.2 Mangelfull søknad

Dersom søknad ikkje følgjer krava i eierseksjonsloven § 11 og kommunen må senda mangelbrev, kjem det eit tilleggsgebyr.

Mangelbrev		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Mangelbrev, frå og med det andre mangelbrevet	Per brev	Kr 2 759	Kr 2 856

§ 4.3 Oppretting av eigarseksjonar

Oppretting av eigarseksjonar, nybygg og eksisterande bygg		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	For ein til fire seksjonar	Per søknad	Kr 13 564	Kr 14 039
Vnr. Y	Frå fem seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr 1 725	Kr 1 785

§ 4.4 Reseksjonering

Reseksjonering		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	For ein til fire seksjonar	Per søknad	Kr 19 082	Kr 19 750
Vnr. Y	Frå fem seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr 2 069	Kr 2 141

§ 4.5 Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Sletting/oppheving av seksjonert sameige		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Sakshandsamingsgebyr for å sletta seksjonar på ein eigedom	Per søknad	Kr 4 598	Kr 4 759

§ 4.6 Tilleggsgebyr

Gebyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgebyret.

Tilleggsgebyr		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr 3 104	Kr 3 213
Vnr. Y	Gebyr produksjon av ny planteikning	Per planteikning	Kr 2 759	Kr 2 856
Vnr. Y	Tilleggsgebyr ved seksjonering av anleggseigedom	Per sak	Kr 4 598	Kr 4 759
Vnr. Y	Pålegg om reseksjonering etter § 22 eigarseksjonsloven	Per sak	Kr 9 426	Kr 9 756

§ 4.7 Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak som avsluttast/returnerast pga. vesentlege manglar*	Per sak	Kr 7 614
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunngebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt av søkjar etter at kommunen har satt i gong handsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saks-handsamingsgebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

* Søknaden er for mangelfull til at kommunen kan handsama den.

§ 4.8 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter eierseksjonsloven som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitelet, vert fakturert etter medgått tid. Timeprisen dekkjer blant anna

sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. I spesielle saker/atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerda at saka vert fakturert etter medgått tid.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr	Ny2026
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid etter eierseksjonsloven	Per time	Kr 1 379	Kr 1427

Kapittel 5 - Oppmålingsforretning

Kapitelet handlar om gebyr for oppmålingsforretningar og sakshandsaming etter matrikkellova.

§ 5.1 Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr blir fakturert ved fullført oppmålingsforretning, og blir rekna etter satsane som gjeld den dagen saka blir fremja for kommunen. Kommunen krev i tillegg dekkja naudsynte tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift. Innbetaling av gebyr kan krevjast før matrikkelføring og tinglysing vert gjennomført.

§ 5.2 Vinterforskrift

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker for saker etter matrikkelforskriften § 18 tredje ledd gjeld ikkje i perioden 1. desember – 30.mars.

§ 5.3 Grunngjebyr

Kommunen fakturerer grunngjebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngjebyret skal dekkja dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis innregistrering av søknad, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngjebyr		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Grunngjebyr	Per søknad	Kr 1 320	Kr 1 366

§ 5.4 Avbroten forretning

Ved avbroten forretning skal rekvirent betala 1/3 av gebyrsatsane.

§ 5.5 Gebyr for oppmålingsforretningar

Samla gebyr består av både sakshandsamingsgebyr for kontorarbeid og gebyr ved oppmåling i marka. Dersom saka ikkje krev oppmåling i marka, fakturerast berre sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for kontorarbeid

Gebyret dekkjer kommunen sin sakshandsaming i samband med oppmålingsforretning, grensejustering, påvising av grenser, klårlegging av grenser mv., samt registrering i matrikkelen.

Gebyr for sakshandsaming		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom og festegrund	Per eigedom	Kr 26 518	Kr 27 446
Vnr. Y	Tillegg for oppretting av fleire matrikkeleiningar	Per ny matrikkeleining	Kr 6 437	Kr 6 662
Vnr. Y	Oppretting av uteareal på eigarseksjon, inntil to tilleggsdeler	Per eigarseksjon	Kr 15 834	Kr 16 388
Vnr. Y	Tillegg for fleire tilleggsdeler utover to	Per tilleggsdel	Kr 4 248	Kr 4 397
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom av heil teig	Per eigedom	Kr 16 220	Kr 16 788
Vnr. Y	Arealoverføring	Per arealoverføring	Kr 21 369	Kr 22 117
Vnr. Y	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Per time	Kr 1 545	Kr 1 599
Vnr. Y	Registrering av anleggseigedom	Per eigedom	Kr 21 369	Kr 22 117
Vnr. Y	Punktfeste	Per punktfeste	Kr 15 319	Kr 15 855
Vnr. Y	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	Per matrikkeleining	Kr 29 263	Kr 30 287
Vnr. Y	Grensejustering	Per grensejustering	Kr 14 289	Kr 14 789
Vnr. Y	Arealoverføring til offentleg veg	Per time	Kr 1 545	Kr 1 599
Vnr. Y	Grensepåvising/klårlegging av tidlegare koordinatfesta grenser.	Per søknad	Kr 10 685	Kr 11 059
Vnr. Y	Klårlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning.	Per søknad	Kr 15 318	Kr 15 854

Gebyr for feltarbeid

I saker der kommunen må ut i marka kjem det oppmøtegebyr og gebyr per grensepunkt, i tillegg til gebyr for kontorarbeidet. Samanfallande grensepunkt teljast som eit.

Gebyr ved oppmåling i marka		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Oppmøtegebyr	Per oppmøte	Kr 6 674	Kr 6 908
Vnr. Y	Grensepunkt som vert målt og merka i marka	Per grensepunkt	Kr 1 545	Kr 1 599

§ 5.6 Endring av godkjent frådelingsvedtak

Endring av godkjent frådelingsvedtak		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Ynskje om endring som rekviert legg fram i forkant av oppmålingsforretninga eller på denne og som må godkjennast av planavdelinga	Per endring	Kr 6 804	Kr 7 042

§ 5.7 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, vert fakturert etter medgått tid. Timeprisen dekker sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon.

Anna		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Arbeid med referanse til stadfestingsavtale om eksisterande grense eller stadbunden rett, jf. matrikkelforskrifta § 44	Per time	Kr 1 545	Kr 1 599
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikkelbrev inntil 10 sider, jfr §16 i matr.forskrifta	Per brev	Kr 175	uendra
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikkelbrev over 10 sider, jfr §16 i matr.forskrifta	Per brev	Kr 350	uendra

I spesielle saker/atypiske saker kan kommunen på forhånd fastsetja at saka vert fakturert etter medgått tid:

Anna fakturerbart arbeid		Utrekningseining	Gebyr	Ny 2026
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid kontorarbeid	Per påbegynt time	Kr 1 545	Kr 1 599
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid feltarbeid	Per påbegynt time	Kr 1 545	Kr 1 599

§ 5.8 Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak som avsluttast/returnerast pga. vesentlege manglar*	Per sak	Kr 7 614
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunngebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt av søkjar etter at kommunen har satt i gong handsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saks- handsamings gebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

* Søknaden er for mangelfull til at kommunen kan handsama den.

Kapittel 6 - Grunnforureining, lokal luftkvalitet, utslepp av sanitært avløpsvatn, utslepp/påsepp av oljeholdig vatn, påsepp av feittholdig vatn og tilsyn og kontroll etter forurensingsforskriften

Kapitlet handlar om gebyr etter forurensningsforskriften for eigen handsaming av eksisterande løyve, påseppsvedtak etter § 15A-4, handsaming av søknad etter § 12-4, § 13-4 og § 15-4, for sakshandsaming av utslepp av sanitært avløpsvatn og kontroll av separate avløpsanlegg etter forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Stord Fitjar og for kontrolltiltak som vert gjennomført for å sikra at kap. 11 - kap. 16 eller vedtak i medhald av desse kapitla vert fylgt. I tillegg omhandlar kapitlet gebyr for handsaming av tiltaksplan ved byggjetiltak i forureina grunn, jf. § 2 i forurensningsloven og § 2-12 i forurensningsforskriften og oppgåver som forureinings- og tilsynsmynde med lokal luftkvalitet, jf. § 7-3.

§ 6.1 Mangelfulle søknader

Dersom søknaden er mangelfull, kjem det i tillegg eit gebyr frå og med det andre mangelbrevet. Gebyret gjeld alle søknader i kap. 6 i denne forskrifta.

§ 6.2 Avslutta sak før vedtak

Det vil bli eit gebyr på 50% av sakshandsamingsgebyret for saker som vert trekt av søkjar/tiltakshavar etter at kommunen har mottatt komplett søknad og sakshandsaminga er sett i gong, men før endeleg vedtak.

§ 6.3 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter forurensningsforskriftens kapittel 2, 7, 12, 13, 15 og 15A som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, vert fakturert etter medgått tid. I spesielle/atypiske saker kan kommunen bestemma at gebyret skal fastsetjast etter medgått tid.

§ 6.4 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av sanitært avløpsvatn

Gebyra gjeld for kommunens sakshandsaming og kontroll av utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande, jf. kapittel 12 i forurensningsforskriften.

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved søknad om utsleppsløyve inntil 15 pe, søknad om utsleppsløyve over 15 og inntil 50 pe og ved søknad om endring av utsleppsløyve.

Gebyret vert sendt tiltakshavar.

Årsgebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av sanitært avløpsvatn

- ✓ Det skal også betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsanlegg med utslepp av sanitært avløpsvatn.
- ✓ Gebyret vert berekna per anlegg.
- ✓ Årsgebyret vert belasta eigar av avløpsanlegg.

Sakshandsamingsgebyr for søknad om utsleppsløyve, kap.12 i forurensningsforskriften		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Felles-/separate anlegg, forskrift kap.12 (inntil 50 PE)	Per søknad	Kr 4 200
Vnr. Y	Søknad om endring av utsleppsløyve	Per søknad	Kr 3 500
Vnr. Y	Årsgebyr for kontroll og tilsyn med avløpsanlegg	Per anlegg	Kr 600

§6.5 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbebyggelse

Gebyra gjeld for kommunens sakshandsaming, tilsyn og kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbebyggelse, jf. kapitel 13 i forurensningsforskriften.

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming ved søknad om utsleppsløyve og ved søknad om endring av utsleppsløyve. Gebyret vert belasta tiltakshavar.

Årsgebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av kommunalt avløpsvatn:

- ✓ Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsanlegg.
- ✓ Gebyret vert berekna per anlegg.

- ✓ Årsgebyret vert belasta eigar av avløpsanlegget.

Sakshandsamingsgebyr for søknad om utsleppsløyve, kap.13 i forurensningsforskriften		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Felles-/separate anlegg, forskrift kap.13 (over 50 PE)	Per søknad	Kr 7 000
Vnr. Y	Søknad om endring av utsleppsløyve	Per søknad	Kr 4 000
Vnr. Y	Årsgebyr for kontroll og tilsyn med avløpsanlegg	Per anlegg	Kr 800

§ 6.6 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av olje eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn

Gebyra gjeld for kommunens sakshandsaming og kontroll/tilsyn med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn frå:

- bensinstasjonar,
- vaskehaller for køyretøy,
- motorverkstader,
- bussterminalar,
- verkstader og klargjeringsssentralar for køyretøy, anleggsmaskinar og skinnegåande materiell, og
- anlegg for understellsbehandling

som enten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande, jf. kapitel 15 i forurensningsforskriften.

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved søknad om løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn og ved søknad om endring av løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn. Gebyret vert belasta tiltakshavar.

Årsgebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av oljehaldig avløpsvatn/påslepp for feitthaldig avløpsvatn

- ✓ Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av anlegg o.l. som nemnt i § 5-1. Gebyret bereknast per anlegg.
- ✓ Årsgebyret belastast eigar av anlegg.
- ✓

Sakshandsamingsgebyr for søknad om utselepp/påselepp, kap.15 i forurensningsforskriften		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknad om utseleppsløyve eller påselepp av oljehaldig avløpsvatn kap.12 (inntil 50 PE)	Per søknad	Kr 4 200
Vnr. Y	Søknad om endring av utseleppsløyve eller påseleppsløyve for oljehaldig avløpsvatn	Per søknad	Kr 3 500
Vnr. Y	Årsgebyr for kontroll og tilsyn av anlegg med utselepp/påselepp av oljehaldig avløpsvatn avløpsanlegg	Per anlegg	Kr 600

§ 6.7 Gebyr for sakshandsaming og kontroll av feitthaldig avløpsvatn

Gebyra gjeld for kommunens sakshandsaming av og kontroll/tilsyn med påselepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd, jf. kapittel 15A i forurensningsforskriften.

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved søknad om løyve til nytt påselepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd og ved søknad om endring av tidlegare gjeve løyve til påselepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd. Gebyret belastast tiltakshavar.

Årsgebyr for kontroll/tilsyn av feittutskiljar

- ✓ Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av feittutskiljarar.
- ✓ Gebyret vert berekna per feittutskiljar.
- ✓ Årsgebyret for kontroll og tilsyn belastast eigar av feittutskiljar.

Sakshandsamingsgebyr for søknad om påselepp, kap.15 i forurensningsforskriften		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknad om løyve til påselepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd	Per søknad	Kr 4 200
Vnr. Y	Søknad om endring av påseleppsløyve for feitthaldig avløpsvatn frå verksemd	Per søknad	Kr 3 500
Vnr. Y	Årsgebyr for kontroll/tilsyn feittutskiljarar	Per anlegg	Kr 600

§ 6.8 Pålegg om utbetring av lekkasje frå vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg, jf. § 3-9 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Stord kommune.

Kommunen kan krevja dekt alle kostnadar direkte knytt til tiltak som følgje av at abonnent har unnlåte å etterkoma pålegg om å utbeta lekkasjar på eigedomen si vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevja at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring. Gebyrpliktig som unnlåt å etterkoma pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining kan bli kravd tvangsmulkt etter forurensningsloven § 73.

Gebyr ved pålegg om utbetring av stikkledning		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Handsamingskostnader knytt til pålegg om utbetring	Per time	Kr 1 300
Andre kostnader knytt til dokumentasjon vert fakturert eigar/abonnet			

§6.9 Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av luft

Gebyra gjeld for kommunens sakshandsaming og kontroll av utslepp av luft, jf. kapittel 7 i forurensningsforskriften. Det skal betalast eit eingongsgebyr for kommunens sakshandsaming og kontroll i samsvar med kapittel 7 i forurensningsforskriften om lokal luftkvalitet. Gebyret belastast anleggseigar.

Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av luft, forurensningsforskriften kap.2		Utrekningseining	Per time
Vnr. Y	Sakshandsamingsgebyr	Etter med gått tid	Kr 1 300
Vnr. Y	Kontrollgebyr	Etter medgått tid	Kr 1 300

§6.10 Sakshandsaming og kontroll med opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid.

Det skal betalast eingongsgebyr for sakshandsaming og for kontroll ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyra dekker kommunens sakshandsaming, samt kommunens kontroll- og oppfølgingsoppgåver i etterkant.

Sakshandsamingsgebyret vert fakturert per tiltaksplan. Gebyret vert belasta tiltakshavar.

Kontrollgebyret er todelt og består av kontrollgebyr dersom kommunen gjennomfører synfaring i den enkelte sak og kontrollgebyr ved oppfølging frå kontoret i etterkant av synfaring.

Kontrollgebyret vert belasta tiltakshavar, eventuelt forureinar dersom dette er kjent. Dersom kommunen ikkje finn brot på lova, vert det ikkje fakturert gebyr.

Gebyr for sakshandsaming og kontroll ved søknad om tiltaksplan, forurensningsforskriften kap.2påsløpp, kap.15 i forurensningsforskriften		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Godkjenning av tiltaksplan, kap. 2-8 i forurensningsforskriften - enkel sak	Per plan	Kr 8 000
Vnr. Y	Kontrollgebyr - dersom kommunen gjennomfører synfaring	Per plan	Kr 2 000
Vnr. Y	Kontrollgebyr oppfølging frå kontoret i etterkant av synfaring	Per plan	Kr 1300

Prisar for diverse kartplott og utlevering av digitale kartdata

Pris for tilrettelagte kopier av plan (kartverk), teikningar og kartplott		Sats
1	Kartplott A2	Kr 280
2	Kartplott A1	Kr 360
3	Kartplott A0	Kr 460
Pris gjeld første utskrift, halv pris på etterfølgende		

Pris for utlevering av digitale plandata		Sats
1	Utlevering av reguleringsplandata, enkeltplan	Kr 700
2	Utlevering av reguleringsplandata, uttrekk av område utover to planar	Kr 1200
3	Utlevering av kommuneplandata, uttrekk av avgrensa område første planuttrekk, halvpris på etterfølgjande planuttrekk	Kr 700
4	Utlevering av kommuneplandata, heile kommuneplanen – etter medgått tid	Kr 1350 per time

Disposisjon av digitale kartdata (basiskart)

Digitale kartdata, som basiskart, tingast hjå ekstern leverandør som:

- [Ambita Infoland](#)
- [Norkart e-torg](#)

Gebyr i samsvar med satser anbefalt av Geovekst, ref Håndbok for Geovekstsamarbeidet. Kapittel 6.6.

1.3 Betalingssatsar for brann og redning

1.3.1 Tilsyn og feiing

	2025 (eks.mva)	2026 (eks.mva)
Tilsyns- og feieavgift per hus (maks 2 piper) per år		
Bustader:	592,-	503,-
Fritidsbustader:	592,-	503,-
Industri- og forretningsbygg:	1031,-	1072,-
Anna arbeid/feiing etter medgått tid per time	803,-	835,-

Feiing og tilsyn er eit sjølvkostområde. Kommunen skal ta seg betalt det det kostar å utføra tenesta.

I følgje Forskrift om brannførebygging § 17 skal ein feia, og føra tilsyn med fritidsbustader.

1.3.2 Sakshandsaming og tilsyn fyrverkeri

	2025 (eks.mva)	2026 (inkl.mva)
Sakshandsaming av søknad om løyve til sal og oppbevaring av fyrverkeri	2000,-	3125,-
Fornyng av løyve til sal av fyrverkeri	1000,-	1875,-

1.4 Gebyr for sakshandsaming, administrasjon og kontroll av gravearbeid og arbeidsvarsling

For arbeid som skal utførast på kommunale vegar og gatar gjeld føresegner i [retningsliner-kablar-graving.pdf \(custompublish.com\)](#) og [Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledninger over, under og langs offentlig veg - Lovdata](#)

Kommunen kan i den einskilde sak krevje å få dekt kostnadene til sakshandsaming av søknaden om løyve og kontroll i anleggsperioden, i samsvar med sjølvkostprinsippet. Kostnader for andre oppgåver som vert utført av vegmynde for leidningseigar, skal dekkast etter avtale mellom partane jf. § 18 Ledningsforskriften.

Kommunens skiltmynde sine kostnader i samband med handsaming av arbeidsvarsling kan krevjast dekkast, heilt eller delvis, jf. vegloven § 32 jf. skiltforskriften § 37.

Administrasjons- og kontrollgebyr består av handsamingsgebyr som vert belasta alle gravesøknader. For gravesøknader med arbeidsvarslingsplan, kjem handsamingsgebyr i tillegg til gebyr for gravesøknad.

Det er eit eige administrasjons- og kontrollgebyr for arbeidsvarsling utan graving, avhengig av arbeidsperiodens varigheit.

Mindre gravearbeid er punktgraving/enkelttiltak/tiltak som ikkje krev vegomlegging. Med administrasjons- og kontrollgebyr for mindre arbeid, vert meint arbeid som vert utført på eit areal mindre enn 40 m2 Større

gravearbeid er graveareal frå 40 m2, koordinerte tiltak, ofte fleire føremål, tiltak som krev vegomlegging, omfattar meir enn ein namngjeven veg.

Viss ferdigmelding ikkje er motteke innan 14 dagar etter angjeve sluttdato vil entreprenøren bli belasta med purregebyr.

Handsamings- og kontrollgebyr for grave- og arbeidsvarsling blir fakturert til utførande entreprenør viss ikkje anna er avtala.

	2025	2026	Auke kr
Administrasjons- og kontrollgebyr for gravesøknad – mindre gravearbeid	2 314	2 406	92
Administrasjons- og kontrollgebyr for gravesøknad – større gravearbeid	3 450	3 588	138
Tillegg for arbeidsvarslingsplan, arbeidsperiode under 1 mnd	598	622	24
Tillegg for arbeidsvarslingsplan, arbeidsperiode over 1 mnd til 6mnd	1 085	1 128	43
Tillegg for arbeidsvarslingsplan, arbeidsperiode over 6 mnd	1 413	1 469	56
Gebyr ved ny handsaming , endring eller utviding av gjeve løyve	650	676	26
Administrasjons- og kontrollgebyr kun arbeidsvarsling pr. søknad inntil 1 mnd	1 663	1 729	66
Adm.- og kontrollgebyr kun arbeidsvarsling pr. søknad over 1 mnd-6 mnd	2 150	2 236	86
Administrasjons- og kontrollgebyr kun arbeidsvarsling pr. søknad over 6 mnd	2 478	2 577	99
Purregebyr for manglande innsending av ferdigmelding	1 300	1 352	52
Oppfølging av graving utan graveløyve/ Arbeid i strid med godkjent graveløyve pr sak.	3 900	4 056	156

Kommunen kan krevje å få dekt dei utgiftene ein har i samband med handsaming og oppfølging av gravearbeidet, dette inkluderer også garantisynfaringar. Størrelsen på gebyr vert fastlagt av kommunestyret.

2. Gebyr som er vedtekne av utval for oppvekst og kultur

2.1 Betalingssatsar for Stord Kulturskule

Betalingsatsar for Stord kulturskule	2025	2026	Auke kr
Elevavgift:			
Instrumental-vokalundervisning, individuelt og i mindre grupper	4 400	4 600	200
Undervisning i større grupper(dans, visuelle kunstfag, parkour m.m)	3 750	3 900	150
Instrumentleige	750	750	0
Dirigenttimar:			
Dirigenttimar til skulekorps	24 000	24 000	0
Søskenmoderasjon: (reduksjon i elevavgifta)			
Barn/aktivitet 2	20%	20%	
Barn/aktivitet 3 eller fleire*	40%	40%	

Bakgrunn:

Ved inngangen til skuleåret 2025/2026 er det 488 elevplassar. Undervisninga er lagt til kulturskulen sine lokale i Stord Kulturhus. Kulturskulen sel dirigenttenester til Rommetveit skulekorps, Langeland skulekorps og Stord skulekorps. Elles sel kulturskulen musikkterapitenester og andre lærartenester til andre kommunale einingar og fylkeskommunen.

2.2 Betalingsattsar for plass i skulefritidsordninga

Betalingsattsar for plass i skulefritidsordninga for 4. trinn	2025	2026	Auke kr
Opphaldsbetaling:			
Full plass 100 prosent eks. leksehjelp	3 528	3 651***	123
Deltidsplass 80 prosent eks. leksehjelp	2 915	3 017***	102
Deltidsplass 60 prosent eks. leksehjelp	2 218	2 296***	78
Deltidsplass 50 prosent eks. leksehjelp	1 911	1 978***	67
Full plass skulefrie dagar, Rommetveit SFO	4 006	4 146***	140
Full plass sumarope juni 2026, Rommetveit SFO	2 476	2 563***	87
Full plass sumarope august 2026, Rommetveit SFO	1 649	1 707***	58

Betalingsattsar* for plass i skulefritidsordninga for 1. til 3. trinn	2025	2026	Auke kr
Opphaldsbetaling:			
Gratis kjernetid**	0	0	0
Gratis kjernetid utvida med morgon-SFO	1 246	1 290***	44
Gratis kjernetid utvida med ettermiddags-SFO	570	590***	20
Gratis kjernetid utvida med morgon- og ettermiddags-SFO	1 816	1 880***	64
Full plass skulefrie dagar, Rommetveit SFO	3 471	3 592***	121
Full plass sumarope juni 2026, Rommetveit SFO	1 850	1 915***	65
Full plass sumarope august 2026, Rommetveit SFO	1 232	1 275***	43

*I satsane er det gjort fråtrekk for 12 timar gratis SFO.

**Gratis kjernetid vert gitt rett etter skuleslutt med 2,5 timar måndag til torsdag og 2 timar på fredag.

*** i samband med revidering av forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning (SFO) blir det nye plasstypar frå hausten 2026 innført

Satsane over gjeld alle barn på 1-4 trinn. Barn med særlege behov på 5-7 trinn har gratis SFO. Barn på 1. til 4. trinn har rett til inntektsgradert foreldrebetaling. Det vil seie at ingen familiar skal betala meir enn 6% av brutto årsinntekt per barn. Frå og med skuleåret 2024-25 er det innført fritak frå foreldrebetaling for 12 timar per veke for barn på 1. til 3. trinn som har plass i SFO.

Bakgrunn:

I medhald av Opplæringslova § 4-5 er kommunen pliktig til å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO). SFO er eit inkluderande, omsorgs- og fritidstilbod for elevar på 1.-4. trinn i grunnskulen. I tillegg gjeld ordninga også for elevar med særskilte behov på 5.-7. trinn. Tilbodet vert gitt utanom den obligatoriske skuledagen. Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. SFO kan og ha ei læringsstøttande rolle. Elevar med nedsett funksjonsevne skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Skulane v/ rektor administrerer ordninga og borna oppheld seg på skulen sitt område.

Frå 2025 er SFO på skulefrie dagar og i sommarferien lokalisert til Rommetveit skule. Alle born i Stord kommune kan søkja plass.

Ved inngangen til skuleåret 2025/2026 nyttar 669 barn seg av ordninga.

2.3 Betalingssatsar for plass i kommunale barnehagar

Betalingssatsar for plass i kommunale barnehagar	2025	2025	2026	Endring i kr
Opphaldsbetaling	01.01.2025.- 31.07.2025	01.08.2025.- 31.12.2025	01.01.2026.- 31.12.2026	
Full plass – makssats fastsatt av kunnskapsdept.	2 000	1 200	1 200	0
3 dagar i veka (60 prosent plass)	1 403	842	842	0

Det vert gitt 30 prosent søskenmoderasjon for barn nummer to. Frå og med barn nummer tre har Stortinget vedteke gratis barnehageplass frå hausten 2023.

Vedtak om timar med spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 31 er gratis. Føresette til barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 31 betalar for barnehageplassen på lik linje med andre.

Frå 2004 har satsane for opphaldsbetaling i barnehage vore regulert med ein nasjonal makspris for full barnehageplass. Frå 1. januar 2026 blir maksprisen på ein barnehageplass fastsett til 1 200 kroner per måned*.

Kommunedirektøren rår til at Stord kommune nyttar makssats for full barnehageplass, og at kommunen justerer den andre satsen med same prosentssats som makssatsen.

Regjeringa vidarefører ordninga med redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Dette inneber at eit hushald ikkje skal betale meir enn seks prosent av inntekta for barnehageplass . Ordninga med 20 timer gratis kjernetid for barn fra 2-5 år gjeld for hushald med samla inntekt under 669.050 kroner frå 1. august 2025. Frå 1. august 2026 vil det bli fastsett ei ny, justert inntektsgrense.

* med atterhald om endeleg vedtak i statsbudsjettet.

2.4 Leigesatsar for utleige av skulebygg i helgar/overnatting

Leigesatsar for utleige av skulebygg i helgar/overnatting	2025	2025	2026	2026	Auke	Auke
	Ideell	Privat/ kommers	Ideell	Privat/ kommers	Ideell	Privat/ kommers
Pris per person per overnattingsdøgn ved antall opp til og med 100	81*	81	84*	84	3	3
Pris per person per overnattingsdøgn ved antall opp til og med 300	61*	81	63*	84	2	3
Pris per person per overnattingsdøgn ved antall opp til og med 500	48*	80	50*	83	2	3

Pris per person per overnattingsdøgn ved antall over 500	29*	67	30*	69	1	2
---	-----	----	-----	----	---	---

*Prisen vert redusert med 20 prosent ved meir enn to samanhengande overnattingar.

Prisen er justert opp med kommunal deflator, 3,4 prosent.

Av den totale utgiftsdekninga skal:

- 20 prosent disponerast av einingsleiar til administrasjonskostnader
- 60 prosent gå til eininga for dekking av ymse utgifter som gjeld straum, slitasje på utstyr m.m.
- 20 prosent disponerast av Stord kommunale eigedom og gå til dekking av vedlikehald av bygg

Ved brot på ordensreglane for det aktuelle bygget eller ved uforsvarleg bruk av bygget, kan avtale om leigetid avsluttast utan oppseiingstid og leigetakar kan bli fakturert for eventuelle ekstrakostnader.

2.5 Utleigesatsar for Stord kulturhus

Utleigesatsar for Stord kulturhus	2025		2026	Auke Pris		
	Pris 1	Pris 2	Pris 1	2026 1	Auke	Pris 2
Symjehallen - timeleige						
Symjegrupper trening per time	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
	200	500	200	550	0	50
Symjegrupper stemne per time	600			630	30	
Andre leigetakarar per time	Ideelle/ skular	Privat/ kommers	Ideelle/ skular	Privat/ kommers	Ideelle/ skular	Privat/ kommers
	1 100	1 400	1 155	2 400	55	1 000
Symjehallen-badevakt						
Utleige av symjehallen må inkludera 2 badevakter med godkjent kompetanse. Nedre aldersgrense er 5. klasse.						
Tillegg 2 badevaktar	1-2 timar	+Per time over 2t.	1-2 timar	+Per time over 2t.	1-2 timar	+Per time over 2t.
	2 100	770	2 200	770	1 600	100 / 800

Leigesatsar	Ideelle lag og org.	Private/ verksemder	Ideelle lag og org.	Private/ verksemder	Auke Ideell	Auke Privat/ verksemd
Kultursenteret/ Speglsalen (same leigepris). Større lokale i kjellaretasje med plass for inntil 35 personar. (Inkluderer kjøken).	500	650	525	680	25	30 Verksemd 0
Tillegg per time utover 3 timar	100	200	100	200	0	0
Møterom (Inntil 3 timar)	300	600	315	630	15	30
Tillegg per time utover 3 timar	100	150	100	150	0	0
Storsalen Konferanse/ liknande verksemd (inkl. videokanon og 1 mikrofon)	Inntil 3 timar på dagtid 1.500	Inntil 3 timar på dagtid 2750	Inntil 3 timar på dagtid: 1 575	Inntil 3 timar på dagtid: 5 500	25	2 750
	3 000	5 500	Over 3 timar på dagtid / kveld: 3 150	Over 3 timar på dagtid/ kveld: 11 000	150	5 500
Kinoprojektor pr time	500	500	500	500	0	0
Tilskipping kveld/dag med billettsal eller anna inntekt (inkl. kjøp av framsyningar)	3 000	5 500	3 000	5 500		
+ Prosentsats av inntekt	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	-	-
+ Billettavgift	15	15	15	Under kr 200 15 Over kr 200 kr 20		5
Tilskipping kveld/dag utan billettsalg eller anna inntekt			5500	11000		NY
Øving (inntil 3 timar)	300 barnegrupper	700 vaksne	300 barnegrupper	750 vaksne	50 Vaksne	50 Vaksne
Tillegg pr time	300 barnegrupper	700 vaksne	300 barnegrupper	750 vaksne	50 vaksne	50 Vaksne
Husets lysutstyr (per framsyning)*	750	1 500	750	1 500	0	0
Husets lydutstyr (per framsyning)	750	1 500	750	1 500	0	0
Piano (stemming)	1 200	1 200	1 200	1 200	0	0
Småsalen Konferanse/ liknande verksemd (inkl. videokanon og 1 trådløs mikrofon – må tingast på førehand)	2 000	3 500	Inntil 3 timar på dagtid : 1 000	Inntil 3 timar på dagtid 3 500		
			Over 3 timar på dagtid./ kveld: 2000	Over 3 timar på dagtid / kveld: 7 000		

Tilskipping kveld/dag med inntekt	2 000	3 000	2 000	3 000	0	0
Tilskipping kveld/dag med inntekt	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	-	-
Tilskipping kveld/dag utan billettsalg eller anna inntekt			2 000	6 000		NY
Vestibyle/ Festarrangement Vestibylar, kultursenter, kjøken inkl. bord og stolar (leigetakar må sjølv rigga til og rydda)	3 000	6 000	3 150	6 300	150	300
Festarrangement som krev ekstra reinhald (til dømes laurdagskveld)	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	0	0
+ Prosentsats av inntekt	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	+ 15% av inntekt over kr 10 000	-	-
Vestibyle Konsert/ utstilling utan inntekt	Gratis	Gratis	Gratis	Gratis	-	-
Personale Kulturhusvert utanom ordinær opningstid (per time)	820 inkl. mva	820 inkl. mva	820 inkl. mva	820 inkl. mva	-	-
Lysteknikar (per dag inntil 10 timar) deretter kr 650 pr/t	4 000	4 000	4 200	4 200	200	200

*teknikar kjem i tillegg, sjå egne satsar

MERK: All utleige inntil 1 000 må betalast kontant eller med kort i kiosk/resepsjon

NB! All bruk av teknisk utstyr eller teknikarar må avtalast i god tid før arrangement

Prisar for badebilletter	2025	2026	Auke kr
Pris Vaksne	65	75	10
Klippekort vaksen (20 klipp)	980	1 115	135
Pris Barn	40	45	5
Klippekort barn (20 klipp)	620	705	85
Pris Student	50	55	5
Klippekort student (20 klipp)	780	890	110
Pris Honnør	50	55	5
Klippekort honnør (20 klipp)	780	890	110

Familie 195 (2 vaksne og 2 barn. Kr 45 pr. ekstra barn)

Prisane på badebilletter har vore uendra fleire år. Me sel billetter på nett og i Kulturhuset. På nettet blir det lagt på ei avgift (kr 6 pr. billett). Dette er relativt mykje på ein billett som kostar kr 40. Me har difor måtta operera

med ulike prisar på nett og i huset for at det skulle vera likt. Dette er svært tungvindt og fører til alt for mange billett kategoriar.

Badebilletter blir i vårt billettsystem selt som eit «kulturarrangement». Når me kuttar nettavgifta på badebilletter må me også gjera det på andre kulturarrangement.

3. Gebyr som er vedtekne av utval for rehabilitering, helse og omsorg

3.1 Betalingssatsar for omsorgstenester

Stord kommune sine betalingssatsar skal til ei kvar tid vera i samsvar med:

- Forskrift til lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Rundskriv – presisering av regelverk for eigenbetaling for helse- og omsorgstenester
- Gjeldande rundskriv om fribeløp og eigendelar for kommunale pleie- og omsorgstenester

Det er ingen eigenbetaling for følgjande tenester:

- Personretta tenester (heimesjukepleie)
- Avlasting
- Støttekontakt

Brukarbetaling for omsorgstenester skal vera med å bidra til finansiering av tenestene i kommunen. Noko eigenbetaling vert regulert i rundskriv frå Helse og omsorgsdepartementet som vert sendt ut årleg.

Dette gjeld:

- Eigenbetaling praktisk bistand for dei med inntekter inntil 2G
- Korttidsopphald i institusjon
- Langtidsopphald i institusjon
- Dag- og nattopphald i institusjon

Eigenbetaling praktisk bistand:

Minstesats vert regulert i rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet og er f.t. kr. 240,- per mnd for praktisk bistand. Forskrifta seier at kommunen kan ta seg betalt det det kostar å driva tenesta pluss eit administrasjonspåslag på 10%.

Satsane vert rekna ut på grunnlag av husstanden si samla skattbare nettoinntekt før særfrådrag. Dette betyr at sjølv om det berre er ein person i husstanden som mottek hjelp, vil inntekta til ein evt. ektefelle eller sambuar verta lagt til brukaren si inntekt. Inntekt til barn under 18 år skal også reknast med, dersom det er barnet som mottek hjelpa.

Ein legg opp til auke i timeprisen med 4,0 % i 2025 til kr 588. Abonnementsprisen er bygd opp på 4 x timepris for 2G-3G, 6 x timepris for 3G-4G, 8 x timepris for 4G -5G, og 10 x timepris for inntekt over 5G. Tidsforbruket vert runda opp til næraste halve time. Ingen tenester skal koste over 588 kr pr time.

Husstanden si nettoinntekt	2025 Abonnement	2025 Timepris	2026 Abonnement	2026 Timepris	Auke Abonnement	Auke Timepris
Inntil 2 G		240		*		
2G-3G	2 262	565	2 353	588	188	23
3G-4G	3 392	565	3 529	588	283	23
4G-5G	4 523	565	4 705	588	377	23
Over 5G	5 654	565	5 882	588	471	23

*satsen vil verte justert i januar 2026, etter nytt rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. Justeringane finn de på Stord kommune si nettside under «Kommunale avgifter og gebyr – Helse og omsorg og rehabilitering».

Eigenbetaling tryggleiksalarm, nøkkelboks og velferdsteknologi:

Tryggleiksalarm er i Stord kommune eit lågterskeltilbod, som vert innvilga som ei kommunal teneste til alle som har søkt, utan behovsprøving. Alle betaler eigenandel for tryggleiksalarm. . Eigenandelen vert auka med 4,1 % i 2025.

Velferdsteknologi omfattar ulike sensorar eller hjelpemiddel som kan tryggje brukar og pårørande, samt effektivisere tenestene. Når slik teknologi er behovsprøvd og vert tildelt i staden for helsetenester er det ikkje tilleggsbetaling for slik teknologi.

Dersom teknologien ikkje er behovsprøvd, vert brukar fakturert for faktisk kostnad for kommunen.

Tryggleiksalarm , nøkkelboks og velferdsteknologi	2025	2026	Auke kr
Tryggleiksalarm pr mnd	303	314	11
Etableringskostnad for tryggleiksalarm	608	629	21
Etableringsgebyr nøkkelboks	888	919	31

Eigenbetaling andre tenester

Eigenandelen for dagaktivitetstilbod til personar med demenssjukdom vert auka med 3,5 % i 2026. Betalinga skal skje ut frå vedtak. Det kan gjerast frådrag for fråvær utover ei veke. Prisen er inklusive måltid og transport.

Dagrehabilitering er eit tverrfagleg rehabiliteringstilbod som vert gjeve ved Stod kommunale rehabiliteringssenter sidan mars 2020. Prisen er inklusive måltid per dag.

Ved Knutsaåsen Omsorgssenter og Bergtun bufellesskap betalar brukarane for måltid til frukost, middag, kaffi, kvelds og eit mellommåltid.

Bebuarane på Knutsaåsen omsorgssenter og Bergtun bufellesskap har inngått avtale med dagleg vask og leige av sengetøy, frotté samt vask av bebuartøy. Dette er gjort ut frå smitterisiko. Satsane vert heva med 3,5 % i 2026 og kompenserer for kostnadane Stord kommune har.

Husleigesatsen for Knutsaåsen Omsorgssenter vil verta prisjustert med auken i KPI – indeksen (konsumprisindeksen). Melding vil verta sendt bebruarane.

Andre tenester:	2025	2026	Auke kr
Dagtilbod for personar med demenssjukdom per dag	208	215	7
Ambulerande dagaktivitetstilbod eksklusive måltid	96	99	3
Dagrehabilitering inklusive måltid per dag	167	173	6
Knutsaåsen omsorgssenter og Bergtun bufellesskap – mat pr. mnd.	4 836	5005	169
Knutsaåsen omsorgssenter og Bergtun bufellesskap – vask av tøy pr. mnd.	1 167	1208	41
Korttidsopphald/rehabiliteringsopphald per døgn; etter 60 døgn betaling som for langtidsopphald	200*	*	
Langtidsopphald 75 prosent av grunnpensjon og 85 prosent av andre inntekter			

*satsen vil verte justert i januar 2026, etter nytt rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. Justeringane finn de på Stord kommune si nettside under «Kommunale avgifter og gebyr – Helse og omsorg og rehabilitering».

Eigenandel for førebyggjande tenester og lågterskeltilbod:	2025	2026	Auke kr
Leige av kommunale hjelpemiddel (à 6 mnd)	470	483	13
Serviceoppdrag, pr påbyrja time (Montering/demontering/flytting)	398	414	16
Handtak	230	236	6
Manglande oppmøte til avtalt time	350	350	0
For gruppetreninga som einingane driv, semesteravgift (gjeld ikkje fysioterapi)	355	367	12
Varmtvassbasseng terapi pr time	116	120	4
Varmtvassbasseng leige vekedag pr time	623	700	77
Varmtvassbasseng leige helg pr time	738	800	62
Utleige kantine/møterom Rehabiliteringssenteret til møte		700	Ny
Utleige kantine inkl. kjøken Rehabiliteringssenteret, heil dag		2500	Ny

Fysioterapi: Eigenandel for fysioterapi, vert endra kvart år per 1.juli. Det er same frikort som for lege.

<https://fysio.no/Forbundsforisden/Aktuelt/Nyheter/Nye-honorartakster-og-egenandeler>

Transport til og frå dagtilbodet på Sæbø gard per dag	47	49	2
		50	

Varm lunsj Arbeid og aktivitet, per måltid	60	62	2
Kaffi/te/bursdagskasse Arbeid og aktivitet, per mnd.	60	62	2

4. Gebyr som er vedtekne av utval for byutvikling

4.1 Betalingssatsar for kommunale parkeringsplassar

Betalingsatsar for kommunale parkeringsplassar	2025	2026	Auke kr
Underetasjen på Bachertunet			
Måndag-fredag kl. 07.00-19.00 (anna tidsrom – gratis)	15	16	1
Laurdag kl. 07.00 – 17.00 (anna tidsrom – gratis)	15	16	1
<u>2 timar gratis ved bruk av parkeringsskive:</u>			
Torget	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
SKE-bygget i Lønningsåsen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Osen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Vidsteenstunet/Sorenskrivareigedomen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Borggata/Borggarden	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Jens Hystadvegen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Stord kommunale rehab.-senter, Lønningsåsen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Snøggbåtterminalen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Torgbakken	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
P-dekket v/ NAV. Maksimum parkeringstid 2 timar gjeld også for el- bilar og personar med HC- kort	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
<u>10 timar gratis ved bruk av parkeringsskive:</u>			
Sæ	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Vabakkjen	Avgiftsfri*	Avgiftsfri*	
Parkeringskive	25	30	5

* med maksimum opphaldstid ved bruk av parkeringsskive.

Kommunestyret i Stord gjorde 30.04.2015, sak 14/15 vedtak om endring i parkeringsordninga frå 01.06.2015. Innfører parkeringsskive.

For at trafikkbetjenta vår skal veta kva tid du parkerte, skal du nytte parkeringsskive, som du festar i frontruta på bilen. På parkeringsskiva markerer du klokkeslett for tidspunktet du parkerte bilen.

Parkeringskive er for sal hos Fellestenester (Rådhuset) til kr 25,-

Følgjande kommunale parkeringsplassar får avgiftsfri parkering med maksimum opphaldstid 2 timar ved bruk av parkeringsskive:

Torget, SKE-bygget, Osen, Vidsteenstunet/Sorenskrivareigedomen, Borggata/Borggarden, Øvre Borggata, Jens Hystadveg, Stord kommunale rehab. senter, Snøggbåtterminalen, Torgbakken, P-dekke v/ NAV. Maksimum parkeringstid 2 timar gjeld også for El- bilar og personar med HC- kort.

På parkeringsplassen i Sæ og Vabakkjen er det maksimum 12 timar parkering med parkeringsskive.

Tidsavgrønsinga er 07.00 - 18.00 på kvardagar og til 16.00 på laurdagar. Ingen tidsavgrønsing søndag.

Det er vidare vedteke at parkeringsplassen bak rådhuset skal vera privat dvs for besøkjande i nemnde bygg.

Parkeringsplassane i underetasjen på Bachertunet er fortsatt avgiftsbelagt.

4.2 Betalingssatsar for leige av torgplass

Betalingsatsar for leige av torgplass	2025	2026	Auke kr
Pris pr. rute på 15m2 (minstepris) pr. i dag	191	191	0
Fast torghandlar for 60 m2 pr. år	34 667	34 667	0
Nattoppstilling pr. månad	1 800	1 800	0
Nattoppstilling pr. natt	65	65	0
Straum - tilfeldig torghandlarar pr. dag	25	25	0

Faste torghandlarar betalar straum etter eigen målar.

Avgifta skal betalast forskotsvis pr. dag eller månad til kundetorget. Forskotsbetalt avgift kan ikkje krevjast refundert. Avgiftene for torghandel er fritekne for meirverdiavgift.

Bakgrunn:

For lag/organisasjonar og næringsdrivande utan fast utsalsstad er det mogeleg å leiga plass på Leirvik Torg for sal av varer.

Det kan leigast plass for kortare eller lengre tidsrom.

Plass kan tingast på førehand og dei som ikkje gjer det kan visast bort.

Fellestenester i rådhuset tildeler plass.

5. Gebyr som er vedtekne av formannskapet

5.1 Betalingssatsar for landbruks- og havbrukssaker

Betalingsatsar for landbruks- og havbrukssaker	2025	2026	Auke kr
Landbrukssaker:			

Søknad om konsesjon (erhvervsløyve) etter lov av 28.nov. 2003 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova) mv. §1 og §2, jf forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker

5 000 5 000 **0**

Søknader om delingssamtykkje etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 §12 jf forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker

2 000 2 000 **0**

Havbrukssaker:

Gebyr vert rekna pr. påløpt time for handsamar
Minstegebyr for havbrukssaker

1 300 1 346 **46**
5 000 5 000 **0**